

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 09.06.2020

Til stades: Gunnar Dalseth (med på sak 36), Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Ole Gisle Vassel, Thorleif Gjernes, Runar J. Haugen, Oddmund Skeie, Jan Tore Huus og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Liv Bente Steiro

Referent: Kaia

**Sak 2020/30: Godkjenning av innkalling og dagsorden;** godkjent.

**Sak 2020/31: Godkjenning av referat frå styremøte 21.04.20;** godkjent

### **Sak 2020/32: : Konstituera nytt styre:**

Årsmøte for 2019 vart gjennomført søndag 23.05.20. Etter val må det nye styret konstituere seg. Det vart ikkje vald leiar på årsmøtet, men fatta eit vedtak der det nye styret får fullmakt til å fordele alle roller seg i mellom.

- Leiar: Styret greidde ikkje å velje leiar og nestleiar. Saka vert utsett til møte i august.
- Nestleiar:
- Kasserer: Angunn Handegard Trå
- Skrivar: Kaia Gulbrandsen

Kandidatar til desse styra:

- Herand omsorgsbustader: Styret i Herand bygdelag møter på generalforsamling. Valnemnd for Herand bygdelag skal og vere valnemnd for Herand Omsorgsbustader a/s.
- Herand Landhandleri: Gunnar Dalseth tek attval for 1 år, han sjekkar om Trond Vikane vil halde fram.
- Herand bygdeblad: Kaia Gulbrandsen

### **Sak 2020/33: Tilstellingar:**

- Oppsummering av 17. mai feiring. Kaia orienterte om feiringa og komiteens arbeid. Herand Musikklag har sendt honorar på kr 5000,-, dette sender kasserar vidare til Ullensvang kommune for refusjon.
- Dugnad: status og vurdering av om det må organiserast meir dugnad i kulturstien og i/ved kulturhuset;
  - skraping av skuleplassen, me spør om Kjell Olav Samland kan gjere dette.
  - takpapp i trappen ved steinbordet – Thorleif ordnar dette.
  - Me oppmodar folk som vil å ta eit tak med motorljå i kulturstien for å halde vegetasjon unna stien, spesielt ovanfor og nedanfor Olstein.

- Jonsokfeiring, kan det feirast jonsok i år?  
Nei, det vert ikkje teke initiativ til noko felles jonsokfeiring dette året grunna smittevernsituasjonen.

#### **Sak 2020/34: Eigedomar:**

- Herand kulturhus – Korleis vil me organisere utleige og vaktmeistertjenester vidare?  
Angunn tek ein samtale med Sigmund Eiken rundt organisering av vaktmeister/utleige.
- Status pågåande prosjekt:
  - moppevaskemaskin; denne er ikkje komen enno, me sjekkar med Sigmund
  - riving av pipe; er i planen til Thorleif
  - nærmiljøanlegg; Kaia orienterte om kva prosjektgruppa gjer. Har fått eit tilbod på utstyr, jobbar vidare med dette og hentar inn eit tilbod til for å ha samanlikning.
- Vassmålar i Herand kulturhus: Me har fått ein faktura på kr 2500,- pr mnd. i kloakkavgift for kulturhuset. Dette er utrekna etter areal, ikkje bruk. Det må monterast ein vassmålar i kulturhuset, då vil me få avgift etter forbruk. Thorleif skaffar røyrløggjar og melder målararen inn til kommunen.
- Herand Kulturhistoriske Senter i sommar?
  - Marta sjekkar med Landskapsparkgruppa om planar for sommaren.
- Status faste leigetakarar i Herand kulturhus: pr i dag er det 5 faste leigetakarar i Kulturhuset, 4 som lagerrom og 1 som kontorlokale.

#### **Sak 2020/35: Økonomi / søknader / fristar etc:**

- Angunn har kontroll på søknad om moms kompensasjon.

#### **Sak 2020/36: Andre saker/eventuelt:**

- Generalforsamling i Herand omsorgsbustader: Styret i omsorgsbustadene har varsla generalforsamling 16.06.20 kl. 18.30 på kulturhuset. Styret i Herand bygdelag stiller. Styret i bygdelaget foreslår Gunnar Dalseth som leiar i Omsorgsbustadene. Overlèt til valnemnda å finne to nye kandidatar til styret/sjekke om dei sitjande tek attval.
- Avtroppande leiar Gunnar informerte om dokumenter, samarbeidspartnarar ol. Han har organisert alle elektroniske dokumenter og vil overlevere desse til ny leiar. Tusen takk for mykje bra arbeid i mange år til Gunnar!
- Møteplan haust 2020: styret held fram med styremøte den andre tysdag i månaden, kl. 19.00 på Herand kulturhus. Unntak august, me startar opp 18. august.

**Neste styremøte tysdag 18.08.20 kl. 19.00 på Herand kulturhus**